

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Ståle Dyngeland
Eidsnesvegen 35
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/382 - 20/16980

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
27.03.2020

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utvida frist for supplering av klage - 212/45 Eikanger Øvre

Tiltak: brygge
Byggjestad: Gbnr: 212/45
Tiltakshavar: Ståle Dyngeland

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage innan rett tid på avslag på søknad om dispensasjon for legalisering av trebrygge og betongplattning den 25.03.2020.

Utsatt frist for supplering av klage

I utgangspunktet er klagar gitt 3 vekers klagefrist frå melding om vedtak er mottatt, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd. Vedtaket er stadfesta mottatt den 23.03.2020 som gir klagar ein 3 vekers frist innan 13.04.2020.

Førespurnaden om utvida frist til supplering er mottatt av kommunen saman med fristavbrytande klage innan klagefristen den 13.04.2020.

Klaga grunnir sin fristforlenging med at Noreg no har stoppa opp, det er naudsynt å kartlegge sikring av masser og gråvannsleidning i bakkant av tiltaka samt at vedtaket er omfattande.

Kommunen legg til grunn at det er kome fram tilhøve som tilseier at klagar vert gjeve utvida frist for å supplere søknaden, men ikkje innan den tidsramma klagar legg føre som vil gje klagar ca. 26 veker til supplering. Det er tilstrekkeleg tid til å innhente naudsynt dokumentasjon og gjennomgang av vedtaket innan 27.04.2020. Dette gir

klagar tilsaman 5 veker frist til å supplere klagen istadenfor den alminnelege 3 vekers klagefristen. Med ny klagefrist rekk klagen å bli behandla i det siste møtet for Utval for areal, plan og miljø før sommaren, den 10.06.2020.

Ny frist for supplering av klagen vert sett til 27.04.2020.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker rekna frå sist supplert klage. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av areal, plan og miljø utvalet i møte den 10.06.2020. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i areal, plan og miljø utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ståle Dyngeland

Eidsnesvegen 35

5913

EIKANGERVÅG